

SAMINANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
31 OKT 2013	
EMNEKODE.....	
OBJEKTkode.....	
SAKSH.....	GRADERING

Ordførar Marit Aksnes Aase
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Interpellasjon vedrørande teieplikt og hendingar i kommunestyret 06.03.2013

Del 1

Vedlagt interpellasjonen er brev som beskriv hendingar i kommunestyret 06.03.2013. Dette brevet vert offentleggjort i sin heilskap. Brevet omtalar blant anna utgangspunktet for tidlegare interpellasjon om teieplikta, det fortel også kven som er urettmessig behandla i denne saka.

Ein viser til vedtak i kommunestyret 17. april d.å. der det står at brevet skal offentleggjera. I etterkant av dette kommunestyret har ikkje ordførar eller andre teke kontakt med dei to representantane som har forfatta brevet, trass i at dette kjem klart fram at dei skulle, i ovannemnde vedtak.

30.09.2013 vart det sendt e-post frå stabssjef Boge med tittel "Ny oppdatering – offentlegvurdering av saksdokument i kommunestylesak 047/13". I denne e-posten står det mellom anna om brevet: "Kommuneadministrasjonen kan ikkje sjå at me etter kommunestyremøtet 17.04.2013 har fått melding om kva opplysningar i brevet som skal anonymiserast. Dokumentet er derfor framleis halde unnateke frå offentleg innsyn".

Ein av representantane tok telefonisk kontakt med Boge, som stadfesta at det var feil å formulera det slik, og at det tydeleg kom fram i vedtaket at det var dei ansvarlege for protokollsigneringsa som skulle ta kontakt med representantane. Same dag, 03.10.2013, tok ordførar kontakt med den eine representanten og hevda ho hadde gløymt brevet, men at ho skulle konferera med varaordførar og ta kontakt med representanten igjen "over helga". Ordføraren har ikkje teke kontakt med representanten sidan.

Framlegg til vedtak:

- Brevet om hendingar i kommunestyremøtet 06.03.2013 vert offentleggjort slik det ligg føre i dag.

Del 2

Det har vore ein hard periode for mange kommunestyrerepresentantar, noko også det ovannemnde brevet illustrerer. Dette var svært ugreie hendingar, og eit fleirtal i kommunestyret tok tak i saka og formidla at ein ikkje ville ha det slik.

I kommunestyret 25.09.2013 la setjerådmann i Fjell, ved kommuneadvokat Bjørndal fram si utgreiing av "interpellasjon om teieplikta". Det vart fleirtal for å ta konklusjonen "til etterretning".

I etterkant av dette kommunestyremøtet har det kome fram at sterkt impliserte partar ikkje har vorte høyrd i saka. Berre to av representantane, Sigmund Dyrhovden og Øyvind Røen, har vorte kontakta i telefonsamtalar, utan sjanse til på førebu seg. Bjørndal fortalte at han derimot hadde brukt ein heil dag på kommunehuset i Samnanger på saka.

Framstillinga av saka er såleis einspora; opplysningar som er relevante, har ikkje kome fram og det er punkt i brevet som ikkje er drøfta. Det viktigaste er likevel at partar som er tett berørte av saka, og som har opplevd belastningar med å varsle, opplever seg sett til side.


Ein har vore i dialog med juristar som har sett på saka, og som står at dette er ei svært einspora framstilling og etterlyser nyansar og drøftingar. Utgreiinga vert skildra som "framstilling frå ein partsadvokat".

Interpellantane har vore i kontakt med professor Jan F. Bernt og advokat Harald Hove om å gå gjennom saka på nytt. Harald Hove har sagt seg villig til å ta dette oppdraget. Det kan opplysast om at Hove ikkje har ønskt å lesa Bjørndal si utgreiing på førehand.


Ein ønskjer å understreka at det ikkje nødvendigvis er konklusjonen i førre utgreiing ein er usamdi i, men sjølvé utføringa og det einsidige fokuset som konklusjonen er bygd på.

Framlegg til vedtak:


- Interpellasjon om brot på teieplikta vert gått gjennom på nytt. Vedlagt saka vert brev om hendingar i kommunestyremøtet 06.03.2013, slik brevet framstår i dag, i tillegg til sjølvé interpellasjon.
- Advokat Harald Hove vert sett til oppgåva med å vurdera interpellasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyremøtet 06.03.13 på nytt.
- Det vert sett ei økonomisk ramme på kr 50 000. Pengane vert henta frå midlar avsett til lønsoppgeret.
- Sigmund Dyhovden, Øyvind Røen og Birthe Skar-Moum vert utnemnde til å ha den løpende kontakten med advokat Harald Hove.


Ragnfrid Aa. Olsnes


Ragnfrid Olsnes


Sigmund Dyrhovden

Sigmund Dyrhovden


Eva Hellevang

Eva Hellevang


Øyvind Røen

08 NOV 2013

I kommunestyret 6. mars 2013 skjedd følgjande:

Under gruppemøte før avstemning i sak vedrørende barneverstenesta kom kommunen kom ordførar Marit A. Aase (Kr.F) inn i Arbeiderpartiet sitt gruppemøte. Ho informerte gruppa om at det såg ut til å bli fleirtal for suspensjon av barnevernsleiar, noko ordføraren var imot. Ho vende seg så til ein representant i gruppa (NN) som er tilsett i kommunen. Ho fortel vedkommande at namngitt representant frå Bygdalista (NN2) har tenkt å stemme for suspensjon og ber NN om å snakke med NN2 for "ho er tilsett i kommunen, ho kan ikkje stemme slik, ho må bli klar over kva ho gjer og si plikt som tilsett". Ho fortset med å seie at "dette må du berre gjere, eg kan ikkje forstå at ho har tenkt å stemme slik". NN går så inn i kommunestyresalen og henvender seg til NN2 og seier "skal du stemme for suspensjon? No må du huske på at du er tilsett i kommunen/er leiar. Du må huske kva du har fått vite gjennom jobben din". NN2 svarte at dette har ingenting med hennar jobb å gjere.

Når ordførar kom inn i gruppemøtet satt det to andre tilsette i kommunen og høyrd kva ho sa. Det opplevdest heilt klart som eit press til å stemme slik ordføraren ville. Den eine representanten stemde med ordføraren, den andre mot (NN3). Den som stemte mot opplevde det som svært belastande å stemme etter si overbevisning med bakgrunn i ordførarens framferd.

Under avstemninga valde NN2 frå Bygdalista å stemme for suspensjon.

Etter at saka var ferdigbehandla, i ein pause før neste sak, stod ordførar og rådmann i døra inn til kommunestyresalen og høglydt snakka seg i mellom. Rådmann framstod som tydelig irritert og sa høgt at ho var rysta over at kommunetilsette kunne stemme for ein suspensjon og "dette hadde dei notert seg". Rådmann sa vidare at det var blitt "heilt gale" i kommunen no når ein driv slik politikk og farleg å jobbe her, "kven har lyst til å ta seg jobb her inne no". Fleire kommunestyrerrepresentantar fekk med seg den høglydde samtalens mellom ordførar og rådmann.

Etter at kommunestyret var heva, går ordførar bort til NN3 og seier at ho vil prate med henne. Ho spør om det var på grunn av det ho hadde sagt (i gruppemøtet) at NN3 var lei seg. NN3 bekrefta dette og ordføraren bad om orsaking. NN3 sa at det er greitt nok, men ikkje godt nok, skaden var skjedd og det var tydelig at vi burde ha stemt slik ordføraren ville. Ordføraren sa så at det var klart vi måtte stemme som vi ville, MEN vi måtte tenke over at vi jobba i kommunen.

NN2 kom så inn i samtalet og spurde ordføreren om ho hadde snakka om henne i gruppemøte til Arbeidarpartiet. Ordføraren svara nei. NN2 seier at "jo, det har du, såpass forstår eg". NN3 bekrefta at dette hadde skjedd i gruppemøtet til Arbeidarpartiet. Då ber ordføraren igjen om orsaking.

På dette tidspunktet kom rådmannen inn i samtalet. Rådmann vart opplevd som ufin og høgrøysta. Ho sa klart og tydelig at dei tilsette i kommunen burde aldri stemt for suspensjon, mot ein annan kommunetilsett. Rådmannen tok opp igjen at NN2 var leiari i kommunen og det gjekk ikkje an å legge frå seg "tilsetthatten" når ein kom i kommunestyret. Vidare seier ho at no vert andre namngitte leiatar i kommunen redde for stillingane sine. Rådmannen seier deretter at "alt er lygn" (med henvisning til informasjon i saka om barnevernstenesta). Rådmann brukte konkret informasjon i ei bestemt barnevernssak og påstår at dette er lygn.

NN2 minna så om at representant frå Kr.F fekk sin habilitet vurdert før handsaming av saka. Rådmann gjekk då på talarstolen og informerte om at representanten ikkje var inhabil i saka i kraft av å vere tilsett i kommunen, vedkommande var heller ikkje inhabil i kraft av å vere fostermor for

barnevernstenesta i Samnanger, men av sistnemnde grunn kunne ho oppleve seg som inhabil. Slik opplevde ein at temaet habilitet var belyst og handtert på vegne av andre tilsette i kommunen. Rådmannen gjentok til NN2 fleire gonger at ho burde ha tenkt seg om.

Rådmann brukte følgjande eksempel overfor NN2: Ein representant frå Høgre som er sjølvstendig næringsdrivande stemte i anna sak denne dagen mot oreigning mot ein anna sjølvstendig næringsdrivande. Slik burde også tilsette i kommunen forhalde seg til barnevernsleiar, i sympati.

Då NN3 skulle gå, trefte ho politisk sekretær (som var med under heile handsaminga av saka). Sekretären seier at ho finn avgjerda i dag horribel fordi kommunestyrerepr. veit ingenting, ho påstår at ho veit alt.

Oppsummert:

- Habilitet: Spørsmålet var belyst før saka vart handsama. Dersom det skulle føreligge spesielle føringar for tilsette i kommunen under handsaming av saker, så burde ordførar og administrasjon ha opplyst om dette.
- Framferda til ordførar i forkant av avstemming vart opplevd som truande. Representantar som er tilsett i kommunen opplevde det som trussel mot eigen jobb å stemme mot ordføraren.
- Framferda til rådmann er svært kritikkverdig, ho forsterkar frykta til dei tilsette representantane med utsagn som bl.a. "dette har vi notert oss" (altså kven som stemte for framlegget som fekk fleirtal).
- Det er oppsiktsvekkande at rådmannen ser ut til å vite meir om konkrete barnevernssaker enn det ho burde. Minnar om at teieplikta til barnevernet også gjeld overfor øverste kommunale leiing.
- Lukka møte
- Me har fått informasjon om at barnevernsleiar veit kven og kva den enkelte kommunestyrerrepresentant stemte i saka.

Jane Davis
8/11-13.

Lidi T. Amesen

8/11-13